

Årsmelding for Myrtveit Bygdehus 2017

Myrtveit Bygdehus har 17 familiemedlemskap/einskildmedlemmer.

Arrangement:

I 2017 har Bygdehuset hatt fleire arrangement.

1.søndag i mai var det familietur med start frå Bygdehuset. Det var 3 merka løyper med ulik lengde. I alle løypene var det hengt opp spørsmål for store og små. Det var sal av betasuppe, pølse og brød, lappar saft og kaffi.

Stor oppslutnad og nøgde deltakarar i det fine vårveret.

I desember var det juleverkstad for born med over 20 deltakarar. Dette var ein fredag rett etter skuletid. Arrangementet var vellukka både med tidspunkt og innhald.

Også i 2017 vart det laga til romjulslunsj. Eit triveleg treff mellom naboor.

Utleige.

Bygdehuset har vore leigd ut til 4 arrangement.

Innkjøp:

Innkjøp av møbelstoff til nytt trekk på alle stolane, maling og malarutstyr.

Dugnadsarbeid:

2 av veggane på huset vart vaska og måla våren 2017.

Det vart også utført mange timars arbeid med å trekkja om alle stolane.

Elles er slått på plassen og fleire opprydding av vegen etter mykje regn.

Alle arrangement er gjort på dugnad slik at det er mange timer tilsaman av dugnadsarbeid også i 2017.

5.mars 2018

Styret